



Til elevar og føresette på Samnanger barneskule

Skuleåret 2023-2024 er snart historie. Me har ein lang og god sommarferie framfor oss. Håpar alle får fine dagar med påfyll av kvile og aktivitetar. Tilsette ved barneskulen vil med dette takka for eit flott år saman med dykk føresette og borna som me er så glade i.

Me vil også takka FAU og skulen sitt samarbeidsutval for eit godt og flott samarbeid. Det at føresette, elevar og skulen sine tilsette har ein god og positiv dialog, er med på å gjera Samnanger barneskule til ein betre skule.

Me på skulen arbeider kvar dag for at ditt barn skal få oppleve trivsel og meistring, kjenna på fellesskap, og verta motivert for å læra. Saman med føresette arbeider me for eit inkluderande og godt oppvekstmiljø for alle elevane våre i Samnanger.

Samnanger barneskule har framleis 5 kjerneverdier. Me arbeider kontinuerleg med å vera ein me-skule, der me snakkar om våre elevar og vår skule. Me held «trøkke» oppe med å vera ein leksemedviten skule i godt samarbeid med dykk føresette. Me vil helda fram med å setja samarbeid, inkludering og livsmeistring i fokus gjennom felles opplevingar på trinna, og på tvers av alle klassar. Januar 2024 starta me opp med DEKOMP (desentralisert kompetanseutvikling) for alle tilsette. Vårt tema for kompetanseutviklinga er inkluderande læringsmiljø, med vekt på verdier.

Alle trinn skal også nytta uteområda i undervisninga. Skulen ligg på ein stad med flott natur rundt. Den vil me nytta til det beste for å leggja til rette for eit godt læringstrykk og aktive elevar. Nytt av i år er ei arbeidsgruppe på tvers av trinn, leia av avdelingsleiar Trond og Ingebjørg. Arbeidsgruppa skal vera eit alternativt undervisningsopplegg utanfor klasserommet – i naturen. Fokus er gode opplevingar, meistring og vennskap. Arbeidsgruppa har vore ute torsdagar frå ca. 9:15-14:00. Storleik på gruppa ha vore 10-15 elevar, på tvers av trinn. Tilbodet har vore for elevar som treng ein annleis og praktisk skulekvardag, men og for elevar som har stor omsorg og engasjement for andre eller for elevar som treng litt inspirasjon med litt alternative skuleoppgåver

Neste år er under planlegging og spennande ting er på gang:


- Endring i leiargruppa frå august 2024: Ingebjørg Aa. Olsnes blir avdelingsleiar for 1.-7.trinn, og me har fått med oss Hege Beate Tolo Byrkjeland som ny konsulent.
- Me held fram med same dagsrytme som dette skuleåret. Dvs. at me startar kl.08:45 og sluttar kl.14:00 (onsdagar sluttar me kl.12:30).
- Det blir leksehjelp for 5.-7.trinn kvar onsdag etter skuletid og til ca. 15:00. Det er ein lærar som skal hjelpa elevane.
- Elevar som nyttar sfo-tilbod og går på 1. 2. og 3.trinn, får gratis 12 timar kvar veke. Pr. no er det påmeldt 64 elevar som skal gå på sfo til hausten. Det blir kjekt!
- Me har denne våren fått fleire elevar frå Ukraina til skulen vår, og frå hausten 2024 kjem me til å ha 11 elevar frå Ukraina.

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Telef.
Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger



Me har erfart dette skuleåret at læring skjer på mange arenaer, på ulike måtar og på ulikt vis hjå den einskilde elev. Kvart trinn og arbeidsgruppa har summert opp nokre høgdepunkt frå dette skuleåret som snart er over:

Arbeidsgruppa på tvers av trinn: Tilbakemeldingane frå elevane har vore utruleg gode. Fleire elevar har sagt at å vera med på Arbeidsgruppa har vore det kjekkaste dei gjer på skulen. Aktiviteten i gruppa har vore god. Det har vore fokus på at me skal gjera eit stykke arbeid, før me et og før me avsluttar med leikaktivitet. Det har vore stor etterspurnad frå elevane om å få vera med på arbeidsgruppa. Me har ikkje klart å få med alle som har ønska å vera med i løpet av året.

Elevane har vist trivsel, samarbeidsegenskaper, arbeidsglede og meistring i oppgåvene. Ein erfaring me lærarar har gjort, er at det å vera ute i naturen og gjera oppgåver saman med elevane, er styrkande for relasjonen lærar-elev og mellom elevane på tvers av trinn. Me har vorte kjende med elevane på ein annan måte, noko som me trur gjer elevane tryggare på skulen. Skulen vil helde fram med å legge til rette for undervisning ute med oppgåver i naturen, fordi me erfarer at dette stimulerer til livsmeistring, det er inkluderande, det er inspirerande for elevane og det er elevmedverknad i praksis.

Trinn 1 har hatt eit spennande år med mykje nytt. Hausten gjekk med til å verta kjende. Me var på kyrkjevandring i kyrkja på Aadland og besøkte Gardsbarnehagen. Me dramatiserte "På låven sitter nissen" på juleforestillinga og hadde 100-dagars fest der me kledde oss ut som 100-åringar, hadde bokstavgjest med m.a. bokstavkjeks då me var komen gjennom alfabetet, hadde ansvar for fellessamling til 17.mai. Me har grilla i Hagabotnane og hatt ein eigen matematikkdag med fysisk aktiv læring. To av elevane våre var så tøffe og opptredde på Talentshowet! Elles har leiken stått sentralt og leik med 2.trinn har vore ekstra populært. Eit innhaldsrikt og fantastisk kjekt år med flotte elevar!

Trinn 2 starta året med temaet "plast i havet". I tillegg til å snakka om dyra i havet og forureining - lagde 2.trinn ein kunstutstilling til Akvariet i Bergen sin "Plastby". Her var det stor glede når kunsten vår kom til finalen, og endte med 2.plass! Heilt fantastisk! Vidare i år hadde me eit leseprosjekt. Elevane har klart å få leseormen heile vegen rundt klasserommet, og det resulterte i ein lesekosedag. Etter dette var det tid for vår, og elevane fekk prøva seg som kunstnarar med god hjelp frå Vaida. No har me avslutta året med temaet eventyr der elevane har skrive sine egne eventyr. Me har hatt eit flott og innhaldsrikt år

Trinn 3 har arbeidd med å få til endå betre relasjonar mellom elevane, ved å arbeida og leika saman i blanda grupper, i fleire fag. Me har kost oss med film og popcorn på tvers av trinnet, valfritt mellom to filmar i to ulike klasserom. Elevane har lært seg å bruka Word, PowerPoint og laga sine egne bøker på nett. På vinteren stod me på ski og akte om kapp, og høgdepunktet i mai var å ha vassleik i Hagabotnane.


Trinn 4. har dette året spelt blokkfløyte i musikk og avslutta med konsert på sjukeheimen med song og "Ja, vi elsker dette landet" på blokkfløyte. Før jul arbeidde me med Plutti Plutti Pott og julespel. Me har hatt mange gøye tema, nokre døme; I forbindelse med 700

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Telef.
Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger



skuledagar og påske hadde me kunst og handverkprosjekt med pappkoppar og laga ein fin påskekylling som blei utstilt på Asia Bjørkheim. Me deltok i Batterijakten og var på omvisning hjå BIR i Rådalen. Me hadde tema Steinalderen i forbindelse med tur til Skipshellaren. Leseprosjekt og samla leseminutt. Trinnet las til saman 306,5 timar på 4 veker, FOR EIN INNSATS! I forbindelse med leseprosjektet laga elevane egne bøker som blei stilt ut på biblioteket på Bjørkheim. Me stod for boklanseringa sjølv, saman med bibliotekar Merethe. Alle har hatt symjing i år – dei fleste har, etter iherdig innsats, bestått kompetansemåla for symjing på 4.trinn. Godt jobba alle saman!

Trinn 5 starta hausten med å vera med på SykkelKidsa. Dette var noko som fall i smak hjå alle. Gjennom hausten og vinteren hadde me eit stort leseprosjekt. Det vart lest mykje i løpet av dei vekene. Gjennom året har me hatt fleire pysjdarar. Då får elevane koma på skulen i pyjamas, og ha med seg ein bamse. I vår var me på bytur til Bryggens Museum. Her fekk me læra om korleis dei levde i middelalderen. Etter omvisninga på museet, fekk store og små seg ein is medan me venta på bussen heim.

Trinn 6 har jobba tverrfagleg i faga norsk/engelsk gjennom dei 7 verdsdelane, med lesing, skriveoppgåver, veggplakatar, filmsnuttar, kart, laga Power Point om land i Europa, og gjort grublekart-oppgåver på nettet. Har laga mykje god mat i Mat & Helse, og delteke på Fiskesprell-konkurransen. Gåturar til biblioteket på Bjørkheim. Fine turar rundt i nærområdet. Delteke i Mattemaraton. Har laga fine lystestakar og flotte måleri i K&H. Øvd mykje på rettskriving og grammatikk. Delteke i First Lego League om hausten, feira med bowling og pizza i Bergen. Museumstur til Bergen, tema Middelalderen i Bergen. Har brukt veldig mykje tid på det sosiale miljøet på trinnet, samt språkbruk. Leseprosjekt 71 gr. nord

Trinn 7 var på Mathilde i september. Der segla me frå Norheimsund til Os, og tilbake i regn, vind og solskin. Me har lært å laga til mat, dekke bord, rydda soveposar, støvsuga, vaska dekk, vaska toalett, segling og navigasjon, nye plassar og nye ting å utforske, raud og grøn hårspray, fotball på avveie, snopetur på land, herjing i skog og mark, kantareller, hyggeleg mannskap, fotball på avveie (igjen!), og ... konglejakt med stort potensial.


Litt ut på hausten byrja FLL – tre bokstavar som dei aller fleste av oss ikkje heilt visste kva innebar. First Lego League byrja tøft, for det var mykje som måtte gjerast. Men litt etter litt, vart ein kjent med den jobben ein skulle gjera. Ting blei litt enklare. Idear blei til skisser, skisser blei til prototypar. Hanskar, ski, sko og kongler. Sponsorar blei til muffins. Tørre PowerPoint-notater, blei til levande presentasjonar. Øving, øving, øving. Frustrasjon som: «Me har jo allereie øvd fire gongar» blei til «du må koma å høyra, me skal øva ein gong til!». Og så, Tysnes. Laurdag morgon stilte foreldre opp igjen, Tysnes visste ikkje kva som var på veg. Med stands, humør og muffins på plass, kunne showet byrja. Nå var det godt å vera førebudd. Ei etter ei gjekk gruppena inn og presenterte, medan foreldre fulgte spent med. Tilbake i hallen passa markedsføring-gjengen på standen, og robotkøyrarane konkurrerte. Formen vart finslippt mot lokale 9.-klassingar - som sa: «herregud, me kan ikkje tapa for barneskuleelevar». Men utover dagen vart fasiten klar: to Samnanger-lag i robotfinalen,

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Telef.
Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger



samanlagt Champions-pris, og ein samla innsats utan like – om dei ikkje visste kor Samnanger låg frå før, så veit dei det no.



Me takkar for godt samarbeid med alle føresette dette skuleåret. Me rundar av dette året og gler oss allereie til nytt skuleår.

Takk til elevar og føresette på trinn 7. Ein nydeleg flott bukett elevar som no tar steget inn i ungdomstida for fullt – lukke til på vegen!

God sommar frå alle oss på skulen ved

rektor Eli Kristin Berge

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Telef.
Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger